

## Den viktige ungdomstida

10



8

### Refuel

Populær kristen ungdoms-  
klubb i Øygarden.

40-50 ungdomar samlast  
annankvar fredag.

3

Jesusveien av prost Erling Kopperud

5

Avgjerande og bevisste val i livet

7

Kyrkjevalet i 2015


12

Forfølging av kristne aukar i verda



## Fast givarteneste er viktig

Fast givarteneste er avgjerande for at me kan halda oss med Team. Det er mange som dreg nytte av at kyrkja i Øygarden har eit ungdomsteam. Teamet er i Øygarden tilsvarende det kyrkja betalar for. Gjennom eit godt samarbeid med Norsk Luthersk Misjonssamband får ein til eit slikt opplegg. Teamet er viktig for gjennomføring av leirane i 2015/2016.



I 2014 kom det inn kr 79 850 gjennom fast givarteneste. Det er me veldig glad for og takkar alle givarar. I tillegg kom det inn kr 21 850 i andre gåver. Desse midlane, saman med offer til arbeidet vårt, gjer at me kan vidareføre ordninga med team for åra 2015 og 2016.

Søylene viser resultatet i 2014. Me nådde ikkje budsjettet på 120 000, men er godt nøgd med resultatet. Vert du med, vert 2015 betre. Målet er kr 120 000. Kontonummeret til Øygarden sokneråd er: 3628 55 90870 (Team)


## Kyrkjebudsjettet for 2015

Det er alltid spennande framfor eit nytt arbeidsår, om pengane strekk til. Øygarden kommunestyre si rammeløyving for 2015 er kr 56 000 høgare enn det som var kyrkja sitt budsjettforslag. Rådmannen hadde ei lågare ramme, men eit fleirtal i kommunestyret auka ramma.

Det er semje mellom Øygarden kommune og kyrkjeleg fellesråd om ein husleigeavtale. I sitt budsjettframlegg tok rådmannen omsyn til dette og no slepp partane diskusjonen om husleigetilhøvet for kyrkjekontoret på Rong senter. Det er fellesrådet godt nøgd med.

Det totale budsjettet for Øygarden kyrkjelege fellesråd er på kr 5 735 000 som og dekkar husleigekostnader for kyrkjekontoret. Telefonsystem og IKT-system som måtte fornyast i 2014 har fellesrådet sjølv betalt.

## Auka deltaking



Det er ein auke i gudstenedeltakinga frå 2013 til 2014 på 485 personar. Det har vore nokre færre gudstenester med nattverd i 2014 enn i 2013, noko som påverkar nattverdsdeltakinga.

## Kjære lesar!

Me er allereie langt inne i året 2015 og livet går sin gong, utan at me har merka så mykje til årsskiftet. Det er likevel viktig å vera bevisst kva me brukar tida til. Den fer så fort avgarde. I kristelege samanhengar brukar me ofte ord som "for tid og evighet". Det betyr at det er noko meir, utover det livet me lever no. Det er noko som strekkjer seg langt fram, ja så langt at me kallar det ei æve. Æva tek ikkje slutt.

Det er difor ØyNytt denne gongen handlar om bevisste val, for dette livet og æva. Det er ikkje eit lett tema. Det er eit tema med mange djupner. Som kyrkje skal me peika på Jesusvegen, slik prost Erling Kopperud skriv i andakta. I vårt arbeid møter våre medarbeidarar mange unge menneske og det utfordrar oss når me skal peike på denne veggen. Til slutt handlar det om eigne og bevisste val, noko sokneprest Espen skriv om på side 5.

Me registrerer auka deltaking på gudstenestene og andre aktivitetar frå år til år. Det er mange unge som deltek på våre aktivitetar, både eigne aktivitetar og aktivitetar i samarbeid med frivillige kristne lag og organsasjonar i Øygarden. For kyrkjelydane må det vera særst gleden å sjå alle born og unge som er med i arbeidet og deltek i ulike samanhengar. I åra framover vil omgrepet Kyrkjevekst ha fokus. Eit anna ord for dette er menighetsutvikling.

I 1945, for 70 år sidan tok 2. verdskrig slutt og frigjeringskom og til Øygarden, noko som vert markert i eit seinare nummer av ØyNytt.

Skjergardsheimen leirstad er 40 år i 2015. Verksemda hadde nærare 10 000 overnattningar i 2014. Mange er ikkje er klar over kor stor Skjergardsheimen leirstad er på leirskule, med leirskuledeltakarar frå mange stadar i landet. Me skriv om Skjergardsheimen i neste nr.

Olav Martin Vik



## Jesusveien

**Jesus sier om seg selv at Han er veien, sannheten og livet** (Joh 14,6), og i kristen erfaring er veien et mye benyttet bilde på kristenlivet. I salmen «Du som veien er og livet» (NoS13 643) bekjenner vi oss til Jesus Kristus som veien. Kristen tro er ikke bare lettvingt og uforpliktende. Jesus advarte mot å gå den brede veien som fører til fortapelsen. Det koster noe å gå den smale veien som fører til livet (Matt 7,13-14). Bildet av kristenlivet som en vandring får fram forskjellige utfordringer med å gå denne veien:

**Vei i ukjent terreng:** Livet som kristen er ikke uten videre forutsigbart. Det kan by på overraskelser. Vi er derfor avhengige av å kjenne veien og vite hvor den går. I Bibelen er Guds ord det lyset vi trenger for å kunne finne veien og holde oss på den: «Ditt ord er en lykt for min fot og et lys på min sti», Salme 119,105. Slik kan vi få hjelp til å ta oss gjennom et terreng som kan være vanskelig. En slik opplevelse er også reflektert i salmen: «Lei, milde ljos, igjennom skoddeim,» (Nr.858).

**Veikryss:** Underveis i livet kommer vi til veikryss hvor det er flere veier å velge mellom. Da er det viktig å be om veiledning ved Den hellige ånd og være åpen for samtaler med andre kristne om veien videre, for vi hører med i et reisefølge.

**Niste underveis:** Det er viktig å få tilførsel av næring underveis. Vi trenger niste. Gjennom dåpen innlemmes vi enkeltvis i kirken som Guds folk. Troen næres ved Guds ord og styrkes i nattverdets fellesskap. For at nåden skal være virkekraftig i den enkeltes liv, trenger vi å ta til oss niste gjennom nådens midler. Slik fornyes vi i troen på Gud.

**Målet:** Jesusveien fører fram til et mål. Målet er Guds rike. Med Jesus er Guds rike kommet nær, og er virksomt iblant oss. Men det trer først fram i sin fylde når Jesus



**Erling Kopperud** er prost i Vesthordland prosti som omfattar Fjell, Sund, Askøy og Øygarden med 60 000 innbyggjarar. Foto: Olav Martin Vik

kommer igjen. Paulus snakker om å glemme det som er bak og strekke seg etter det som er foran. Han «jager fram mot målet, mot den seiersprisen som Gud fra det høye har kalt oss til i Jesus Kristus», Fil 3,14. Det er avgjørende å ha dette målet for øyet. Det motiverer og det skjerper konsentrasjonen om det som er det vesentligste i livet. For å kunne fullføre det løpet som ligger foran oss, gjelder det å ha «blikket festet på ham som er troens opphavsmann og fullender, Jesus.» (Hebr 12,2).

### “Djupare” - eit bibelstudie for fastetida

Fastetida vert markert frå 18. februar til 6. april. Denne tida er tenkt til ettertanke, bøn og bibellesing. Det er laga eit enkelt bibelstudie for fastetida i 2015, under overskrifta “Djupare”. Dette bibelstudiet har ulike overskrifter som viser fokus for veka. Set av litt tid kvar dag og be Den Heilage Ande openberra Ordet for deg. Skriftsstadane er korte slik at du kan repetere dei. Bibelstudiet er ei god førebuing til påske.

Hefet med bibelstudiet er å finna i kyrkjene, på kyrkjekontoret og på vår nettside: [www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)

### Då freden kom til Blomvågen - for 70 år sidan

*“Det var i seks-sju tida om kvelden, eg kom utom døra, skulle gå i floren og mjølka. Då hørde eg klokkene i Blomvåg kyrkje. Rykta dei siste dagane hadde vore så gode at eg skjønna straks kva dette var. Dei forkynte fred. Så sette eg frå meg mjølkespanna og snudde innatt, bøygde kne attmed divanen og takka Gud. Folk kom til kyrkja, og han Knut i Dale hadde eit radio-apparat under armen. Dei fortel at han sette det på preikestolen og folk fylte kyrkja for å høyra.”*

Desse orda er henta frå eit kåseri ved Astrid Berland, referert i ØyNytt april 1995. ØyNytt skriv meir om fredsdagane i 1945 i eit seinare nummer.





Frå ei familiegudsteneste i Blomvåg kyrkje med svært interesserte born.

# Kyrkjelydsbygging i Øygarden

Øygarden sokneråd har godkjent arbeid med namnet "Naturlig menighets utvikling" (NaMu), med fokus på korleis auke gudstenestedeltakinga.

**Tekst og foto:** Olav Martin Vik

## Kva er NaMu

Naturlig menighets utvikling (NaMu) tek utgangspunkt i den nattverdfeirande kyrkjelyd som me kallar trusfelleskapet. Dei første kyrkjelydane i Den norske kyrkje starta med NaMu allereie i 1998. NaMu er oppteken av *sunne* vekst. Sunn vekst skjer når fleire menneske deltek regelmessig på gudsteneste og feirar nattverd, har ei teneste/oppgåve og deltek i eit mindre fellesskap, ei gruppe.

## Ved Guds kraft

Generelt sett er kyrkjelydsutvikling eit målretta arbeid for å setja kyrkjelyden i stand til å vera det den er kalla til å vera, og kalla til å gjera. Begrepet vekst får fram kor avhengig ein er av den treeinige Gud sin nærleik, kraft og inspirasjon. Det er Skaparen som får veksten til å skje, ikkje medarbeidaren (bonden). Begrepet utvikling gjer det tydeleg at Gud nyttar medarbeidarar som vil det Han vil og som arbeidar uthaldande og langsiktig for å realisere kyrkjelyden sitt kall og oppdrag.

Jesus sa at eit godt tre ber god frukt, Matteus 7,17.

## NaMu i Øygarden

Øygarden sokneråd har bestemt at ein skal arbeida med naturleg kyrkjelydsvekst etter NaMu-metoden.

Mentor i arbeidet i Øygarden er Ommund Rolfsen som er ein fagperson på området. Han arbeider til dagleg på Soltun folkehøgskule i Troms. Han vert omtala som Noregs fremste kirkevekstforskar.

## Korleis står det til i kyrkjelyden

Det er gjennomført ei spørjeundersøking mellom 30 utvalde aktive kyrkjelydsmedlemmer i Øygarden. Det er for å avdekke korleis det står til i kyrkjelyden. På ein måte tek ein temperaturen på kyrkjelyden. Undersøkinga er for å finne ut svake og sterke område i kyrkjelyden, slik folk oppfattar det. Resultatet frå undersøkinga vart presentert av Ommund Rolfsen på ei open samling i Blomvåg kyrkje torsdag 8.1. der det møtte fram

28 personar. Det var interessante resultat. Alle detaljar kan ikkje presenterast i denne artikkelen, men dei som hadde svart var godt nøgd med t.d. inspirerende gudstenester, men at ein er noko svak på livsnære grupper, fellesskap og varme relasjonar.

Dei frammøtte synes det var interessant å vera tilstades og få presentert NaMu-arbeidet og resultatata frå undersøkinga.

## NaMU-komité

Det er oppretta ein komité som skal arbeida vidare med resultatata frå undersøkinga og korleis ein utvikla arbeidet i kyrkjelydane som gjer at det vert ein naturleg vekst. Sokneprest Espen Tveten lei arbei det.

---

*Temaet vert omtala i ØyNytt framover og på årsmøte onsdag 22. april kl. 18.00 i Blomvåg kyrkje.*



## Eit bevisst val

Når vart trua ei bevisst handling? Sidan dei fleste av oss vart døypte som barn, er det ulike erfaringar på når ein fikk eit bevisst forhold til trua. For nokon vart det eit bevisst val bort frå kristendomen, for andre vart det eit markert val om å slutte seg til innhaldet i den kristne trua. Nokon vil og seie at dei berre vaks inn i trua eller vaks ut av ho, utan at ein tenkte så mykje over det.

### Verdifulle tenårsval

Det er mykje interessant forskning innan religiøsitet. Ei undersøking syner at me er på vårt mest religiøse som 15-åring og minst religiøse som 29-åring. Dette ser me mange døme på i Øygarden og. Dei aller fleste som veljar eit kristent livsyn, gjer det medan dei er tenåringar. Kvart år møter me i kyrkja unge menneske som seier dei no ynskjer å leva som kristne. Me møter ikkje så mange vaksne som seier det same, dessverre. Mange hadde nok gode intensjonar, men så vart livet travelt og den kristne trua vart utfordra av forpliktingar i forhold til familie, arbeid og anna. Det er vanskeleg å halde trua levande om ho ikkje får næring.

### Kvifor vel me som me gjer?

Når ein har undersøkt kven som har hatt mest å seie for livssynet ein har vald, er det ein klår vinnar: Det er mor. På andre plass følger far. Kyrkja og presten kjem lenger ned på lista. Foreldre må ikkje tenke at dei har abdissert som trus- og verdioverleverarar. Tru og verdier som vert praktisert i heimen er viktig.

Me har alle eit bilete av korleis Gud er. Det viser seg at me overfører mykje av vårt syn på vår eigen far til korleis me tenkjer om Gud. Var



far vår omsorgsfull og varm, er det enkelt å sjå Gud som ein kjærleg far. Var far humørsjuk og lunefull, tenkjer mange at Gud er på same viset, og avviser Han. Det er viktig at Bibelen får korrigere vårt bilete av Gud. Sjølv om Gud omtalast som Far, er Han noko meir og annleis enn ein jordisk far.

### Vårt val, vårt ansvar

Sjølv om det er mange ytre kjelder som påverkar våre val, er det til sjuande og sist me sjølv som vel og må stå til ansvar for våre val. Når det gjeld kristentrua er det viktig å ta eit eige val. Paulus seier: «For vedkjenner du med munnen din at Jesus er Herre og trur du i hjartet ditt at Gud reiste han opp frå dei døde, då skal du verta frelst». Å tru er eit val som tel, ikkje berre for livet her på jorda, men også for æva.

Så skal vi heller ikkje gløyme at Gud vel oss. I luthersk samanheng er det eit viktig anliggende at vår tru er ein respons på at Gud har vald oss. Han har skapt oss og vald oss og det er hans ønske at me trur på han.

Foreldre må ikkje tenkje at dei har abdissert som trus- og verdioverleverarar. Tru og verdier som vert praktisert i heimen er viktig!



Trygheim ungdomsskule på Nærbø, eigd av NLM. Foto: NLM

## Tre nye NLM-ungdomsskular i Noreg frå hausten?

Går alt etter planen kan det bli tre nye ungdomsskular i regi av Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM) til hausten.

I Drammen, Kristiansand og Grimstad vert det no planlagt skular for elevar i åttande til tiande klasse, melder Utsyn.

Skulane i Drammen og Kristiansand vart godkjende av Utdanningsdirektoratet i desember, medan skulen i Grimstad fekk si godkjenning i januar 2014.

De tre skulane er godkjende for inntil 180 elevar i åttande til tiande klasse, og ein håpar å kunne starte undervisinga kommande haust.

I Oslo har styret for Groruddalen kristne privatskole vedteke å utsetje skulestart med eit år til hausten 2016 på grunn av at ein ikkje har klart å skaffe lokale. Denne skulen er godkjent for 390 elevar frå første til tiande klasse. KPK

## Fleire leirar

Kyrkja sine leirar på Skjergardsheimen i Øygarden er populære og ved fleire høve har det vore venteliste, noko som ikkje har vore greit for dei som ikkje fekk delta.

For å løysa denne utfordringa aukar me med ein leir i 2015 og i 2016 ein til. Det betyr at me vil få 7 leirar mot 5 før.

Alle leirane vert annonsert i ØyNytt og ved utdeling av program med påmeldingskjema på skulane.

Det er Øygarden sokneråd som er ansvarleg arrangør for leirane.

## 1000 deltakarar

Nærare 1000 personar var innom på Vi syng jula inn og på julegudstenestene, i 2014, i kyrkjene i Øygarden.

Det er flott at så mange deltek. I 2014 var det Vi syng jula inn i begge kyrkjene. Det var fleire som deltok enn i 2013.

Tilsaman 727 personar deltok på gudstjenestene julaften, 1. og 2. juledag.



## Ny port ved Hjelme kyrkje



Då den nye kyrkjegarden i Hjelme vart vigsla i 2014, gav Øygarden kommune ein ny hovudport ved Hjelme kyrkje, som gåve.

Portsøylene til den nye porten vart gitt som ei gåve, av Harkestad Entreprenør AS.

No er den nye porten montert og den tek seg godt ut og står i stil til porten som vart montert ved den øvre parkeringsplassen. Øygarden kyrkjelege fellesråd takkar så mykje for gåva.

Foto: Olav Martin Vik

## Årsmøte

Det vert årsmøte for kyrkjelydane i Øygarden **onsdag 22. april 2015 kl. 18** i Blomvåg kyrkje. Set av denne kvelden for å samtala om arbeidet som kyrkja driv i Øygarden og om temaet kyrkjelydsbygging (Naturlig menighetsutvikling). Programmet kjem i ØyNytt nr. 2.

## Stormen Nina

Stormen Nina ruska borti kyrkjene i Øygarden. Takstein var reven av på alle 3 kyrkjene. Det er kostbart å fara over og reparere, sjølv om skadane er avgrensa i omfang.



# Kyrkjevalet 2015

**Måndag  
14. september**  
i Øygarden

## Kyrkjevalet

Det er val til sokneråd og bispedømeråd i 2015. Alle kyrkjemedlemmer har røysterett.

## Om Den norske kyrkja

Den norske kyrkja er til stades i alle lokalsamfunn med kyrkjebygg, gudstener, barne- og ungdomsarbeid, eit rikt kulturengasjement og diakonalt arbeid/omsorgsarbeid. Kyrkja forkynner ein glad bodskap og står for verdiar som er byggjande for både folk og samfunn. I mange lokalsamfunn er kyrkja ein viktig møtestad for alle generasjonar.

## 15-åringar har røysterett

Kyrkjevalet finn stad på same tid som kommune- og fylkestingsvalet. Sidan 2009 har alle kyrkjemedlemmar blitt oppmoda aktivt til å delta i kyrkjeval. I kyrkja har ein røysterett frå ein er religiøst myndig. Det vil seia at dei som fyller 15 år i løpet av 2015 har røysterett. Alle får desse tilsendt valkort før valet og dei kan

røysta på kven som skal styra kyrkja lokalt (sokneråd/menighetsråd) og regionalt/nasjonalt (bispedømerådet).

## Valstyre og nominasjonskomité

Soknerådet er valstyre lokalt. Dei oppnemner ein nominasjonskomité som skal finna kandidatar til soknerådvalet. Fristen for å ha denne lista klar er 1.5.2015.

## Andre listeforslag

Ei kvar gruppe på minst 10 røysteføre kan stilla liste til soknerådvalet. Det skal alltid vera minst 10 røysteføre som skriv under på listeforslaget. Kandidatlistar må ver komen inn til valstyret seinast 1.5.2015. Det er ei rekkje krav til utforming innhald i kandidatlista. Kandidatane må vera fyllt 18 år innan utgangen av valåret.

## Kunngjering av vallistene

Valstyret skal kunngjera listene så snart dei er godkjent og seinast 8.6.2015. Listene vert kunngjort i ØyNytt nr. 3/15.

## Viktige datoar og fristar

- 01.03. Kunngjering av krav til kandidat lister og fristar for innlevering
- 01.05. Frist for innlevering av liste-forslag. Listene er offentlege når dei er komen til valstyret.
- 08.05. Frist for godkjenning listene.
- 08.06. Frist for kunngjering av listene.
- 10.08. Utlegging av manntal.
- 10.08. Førehandsrøysting startar.
- 01.09. Frist for førehandsrøysting i anna sokn.
- 11.09. Førehandsrøysting sluttar.
- 14.09. Valdag.

## Informasjon om valet i Øygarden

Kyrkjevalet 2015 vert informert om i alle ØyNytt fram til valdagen. Det same gjeld røystestadane (kvar ein kan røysta).

For informasjon om lovar og regelverk sjå [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no)

Olav Martin Vik  
Kyrkjeverje

## Kunngjering om krav til kandidatlistar ved kyrkjevalet i 2015 - val til soknerådet

Kandidatane skal vera spurt på førehand. Alternative lister skal minst ha så mange namn som det skal veljast faste medlemmer. I dette høve 6 faste representantar. Vedlagt lista skal det vera ei oversikt over kandidaten sin fødselsdato (må vera fyllt 18 år innan utgangen av valåret) og kontaklinformasjon. Frist for innlevering av lista er 1.5.2015

Krav til lista:

- må vere komen til valstyret sin leiar seinast 1. mai i valåret. Sjå adresse nede i kunngjeringa.
- Skal vera eigenhendig underskriven av minst 10 røysteføre forslagsstillarar.
- Skal tydeleg visa kva val det gjeld, namn på sokn samt valdagar, namn på forslagsstillarar og eventuelt gruppa sitt namn.
- Skal opplysa om ein tillitsvald mellom forslagsstillarane som valstyret kan henvenda seg til.
- Skal ha forespurte kandidatar oppført med fullt namn og alder, adresse og yrke/stilling.
- Bør ha minst 40 % representasjon frå kvart kjønn frå dei føreslegne kandidatane på kvar enkelt liste.
- Skal setjast opp i prioritert rekkefølge.
- Bør ha minst 20 % representasjon av kandidatar under 30 år.

Det er ikkje noko til hinder for at ein forslagsstillar eller eit medlem av nominasjonskomiteen står som kandidat.

Februar 2015

### Kyrkjeleg valstyre i Øygarden

Postadresse : Kyrkjeleg valstyre, kyrkjekontoret, Postboks 144, 5331 Rong.  
Besøksadresse: Kyrkjekontoret, 2. høgda, Rong senter. Telefon: 56382240.

For informasjon om lovar og regelverk sjå [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no)

## Val til Bjørgvin bispedømeråd Kyrkjevalet 2015

Det skal veljast medlemmer til Bjørgvin bispedømeråd. 4 såkalla leke medlemmer vert vald direkte av kyrkjemedlemmene i bispedømet. Dei andre medlemmene vert vald av prestane, andre tilsette og av sokneråda. Biskopen set alltid i bispedømerådet. Medlemmene i bispedømeråda utgjør Kyrkjemøtet.

Øygarden sokneråd har samrøystes gjort framlegg på Egil Morland og Daniel Torsvik som lek kandidat til Bjørgvin bispedømeråd. Egil Morland har vore medlem i Bjørgvin bispedømeråd i denne valperioden. Daniel Torsvik er ungdomskandidat. Kandidatlistene vert presentert i god tid før valet.

# Takk!

**Unni Instefjord** takkar hjarteleg alle som har hjelpt til med å sy, strikka og gi pengar til julegåveaksjonen og innsamlinga i september slik at mange i Ukraina kunne få hjelp og gaver til jul. Arbeidet er i regi av Open Heart. ØyNytt skreiv om arbeidet i desember 2014.

# Born og unge



Eskil Sjøstrøm er fornøgd med desserten i kaféen.



Kveldens talar: Andreas Evensen



## Populær ungdomsklubb

**Tekst:** Hogne Berland

**Foto:** Camilla Blom

### Folksomt

Det er folksomt på Rong bedehus om ein stikk innom ein fredagskveld cirka halv åtte. I gangen vert du tatt i mot og får håndhelse på nokre ungdommar som står klare. Beveger du deg inn i salen, vil du sjå bandet Elements som gjer dei siste førebuingane til lovsongen. Ungdommar står i klynger og pratar, og nokon startar å finne plassane i stolrekkene. Litt over halv åtte er Refuel i gang.

### Lovsong og andakt

Den kristne ungdomsklubben Refuel på Rong er 1,5 år og vart med ein gong ein populær stad å tilbringe annankvar fredags kveld.

Dei startar kvar gong med lovsang og andakt oppe i bedehussalen. Musikk er det ungdomane sjølv som står for. Det same gjeld leiding, teknikk og det meste elles som skjer. Talarar kjem frå både innanfor og utanfor Øygarden. Alltid er det tilbod om forbøn etter møtet.

### Bli kjent med Jesus

«Vi samla nokon ungdommar og spurde kva dei synest var viktig dersom vi skulle ha ein kristen ungdomsklubb i Øygarden», seier Martin Blom om korleis det heile starta. Han er ein av dei vaksne initiativtakarane bak klubben. «Og eg må sei eg vart ganske imponert over svara frå ungdomane. Dei hadde tre krav: Bra taler, bra lovsong og bra kafé. Det var eit flott utgangspunkt.» På spørsmål om kvifor han driv med dette er svaret klart: «Det er fordi ungdomane



## Hogne har ordet

**Hogne Berland**, kyrkjelydspedagog

“Av og til tenker eg at ungdomane må vera lei av høyre at det er viktig å vera ein del av eit kristent fellesskap. Det er ofte eit tema både på konfirmantundervisning, Refuel og andre stader. Dei får høyre at ein må finne ein stad der ein får vera saman med andre kristne og saman

høyre om Jesus. Kvifor er det så mykje snakk om dette?

Å kjenne at ein er ein del av eit fellesskap er viktig. Nokon har mange venner, andre har få. Men å ha nokon er viktig, det veit vi. Nokon å dele livet med. Å vera ein del av noko større kan også vera ei

god kjensle. Dei som har vore på Brann stadion ein god dag veit dette. Eller dei som har vore der på ein dårleg dag. Delt skjebne, felles trøst, er det noko som heiter.

Trua er det viktigaste vi har. Då er den òg det viktigaste vi kan dele med kvaran-



# Dette skjer!

## Leirar på Skjergardsheimen

14. mars:	1.-2. klasse leirdag
24.-26. april:	Ungdomsskuleleir
3. oktober:	1.-2. klasse leirdag
23.-25. oktober:	3. klasseleir
4.-6. desember:	4. klasseleir

## Ungdomsklubben Refuel frå 8. kl. +

20. februar	
6. mars	
20. mars	
10. april	
17. april	
8. mai	
29.-31. mai	Refuel Weekend
12. juni	Sommaravslutning

Stad: Rong bedehus  
Tid: 19.30-22.30

## KRIK frå 8 kl. +

16. januar	
30. januar	
13. februar	
27. februar	
13. mars	
27. mars	
24. april	
15. mai	
22. mai	
31. mai	KRIKmesse, Blomvåg kyrkje
5. juni	

Stad: Toftøy gamle skule  
Tid: 19.00-21.00



Thor Egil Rød og Camilla Blom i aksjon under «Kjønnskampen».

må få bli kjent med Jesus. Og så må dei få påfyll på vegen.»

### 40-50 deltakarar

Det sosiale er også viktig. Mykje tid og ressursar vert brukt på å lage ein bra kafé og kjekk underholdning utover kvelden. Det er liten tvil om at klubben er populær. På ein vanleg kveld samlast mellom 40 og 50 ungdomar her. På årsmøtet i fjor kom ein av dei unge styremedlemene med følgande uttalelse: «Refuel må vera det beste som har skjedd Øygarden!».

dre. På gode dagar og på dårlege dagar. Difor er eit kristent fellesskap viktig. På gudsteneste, på bedehuset, på ungdomsklubben.

**Når vi deler trua med kvarandre, styrker vi trua."**

## Refuel Riders

Det som starta nesten som eit spøk og ein parodi på den kristne motorsykelklubben Holy Riders, har no vorte ein realitet! 17. januar fyrte MC-klubben Refuel Riders opp motoren for første gong. Det vert mekkelvdar ein gong i månaden og til våren ser dei for seg felleskjøring til ungdomsklubben Refuel på Rong. Initiativtakar David Nordvik (16) håpar mange har lyst å vera med. Samlingane vil bestå av mekking, andakt og sosialt, i første omgang i garasje og kjellarstove heime hos familien Nordvik på Tjeldstø. «Vi likar mc og likar å mekke. Og kanskje kan det også vera eit sosialt treffpunkt for ungdom som ikkje kjenner seg heilt heime på ungdomsklubben eller andre stader?», seier ein håpefull David Nordvik.

Føl dei på [www.facebook.com/refuelriders](http://www.facebook.com/refuelriders).

# Den viktige ungdomstida

Undersøkingar viser at unge menneske er meir opne for det religiøse enn vaksne. I ungdomsarbeidet i Øygarden skjer det stadig at unge menneske ønskjer å verta kristne. Vi tok ein prat med nokon som kan fortelje oss meir om den viktige ungdomstida.

**Tekst:** Hogne Berland **Foto:** Hogne Berland

## Bevisste val

«Vi ser at ungdomar er meir søkjande og at det er lettare for dei å snakke om tru», seier sokneprest i Øygarden, Espen Tveten. Han kan fortelje at det slett ikkje er uvanleg at unge menneske her ønskjer å verta kristne. «Konfirmanttida er viktig for mange. Då er det fleire som tek bevisste val. Mange bekjenner at dei trur for første gong i konfirmanttida eller i tida rundt. Det er svært gledeleg! Vi er oppteken av å sei at ei slik bekjening ikkje er avslutninga, men starten.»

## Påfyll er viktig

På ungdomsklubben Refuel på Rong har dei også opplevd at ungdomar seier at dei ønskjer å verta kristne. Men også her er dei oppteken av at dette er startskotet. Ein av leiarane, Linda Blom, seier at påfyll er viktig. «Det er difor vi har vald namnet Refuel, som tyder påfyll på engelsk. Vi ønskjer ein klubb der ein skal kjenne seg velkomen uansett om ein er kristen eller ikkje. Ungdomane treng å høyre om Jesus for å styrke trua. Vi trur også det er viktig å legge til rette for eit godt ungdomsmiljø med trygge rammer. Slik håpar vi trua får gode vekstvilkår.» I løpet av året tek dei opp mange tema og har besøk av mange ulike talarar.

## Utfordringar

6. februar var det Andreas Evensen frå

Vik som var henta inn for å tale på Refuel. Hanstema var «Hjelp, eg er blitt kristen». Han seier at det er vanleg at ungdomar som vert kristne møter nokre utfordringar. «Det kan vera ein vert så opptatt av alt ein bør gjera annleis, at det vert eit strev å vera kristen. Eller det kan henda ein stoler berre på følelsane og tenker at om ein ikkje har 'godfølelsen', så er ein ikkje lenger kristen.» Andreas er opptatt av å sei at det ikkje er slik det heng saman. «Å tru handlar ikkje om å kva eg gjer, men å stole på at sigeren Jesus vant, gjeld for meg.»

## Bli i Jesus

Denne kvelden talar han om Jesus som samanliknar det å tru med å vera ei grein på eit tre. Jesus er treet og oppfordrar oss til å bli i Han. Det er viktig for ein som er kristen å BLI i Jesus, fortel Andreas og spør ungdomane i salen om dei har forslag til korleis vi kan bli i Jesus. Han får straks forslag om at vi kan be til Jesus eller at vi kan vera del av eit kristent fellesskap. Han legg også til at Bibelen er viktig. «Vi har faktisk tilgang på Jesus sin stemme i Bibelen. Det er ganske fantastisk. Då kan vi møte Jesus gjennom orda hans.»

## Bibelgruppe til hjelp

Heime hos Arvid Vik i Knappen er det bibelgruppe. Han har med seg seks ungdommar som annankvar veke samlast for å lese Bibelen og ha det sosialt. Å samlast slik i eit mindre fellesskap, synes dei er bra. «Eg vart med for å læra meir», seier Filip Tomic. Dei andre er einige. «Det er ikkje så ofte ein tar opp Bibelen sjølv og les. Ei bibelgruppe er ei god hjelp», meiner Petter Rong.



**Bibelgruppegjengen ovanfor.** Frå venstre: Filip Tomic

Ole Martin Solsvik synes det bra å få betre forståelse: «Det er fint å lære kva som eigentleg står og kva som er meint. Og så har vi det gøy her også.»

Arvid kan fortelje at det er ein trufast gjeng han har samla. «Dei er flinke å koma og det verkar som dei synes det er kjekt å samlast her.» Han mistenker også at kakene til kona kan ha innverknad på trivselen. Arvid er oppteken av at ungdomane må kjenne Bibelen. «Eg trur det er viktig å sette seg inn i Guds ord. Ein må vite kva ein trur på.»

## Litt terging

Ungdomane synes ikkje det er vanskeleg å vera kristen i Øygarden. Nokre har opplevd litt terging, men dei synes eigentleg det er lite kommentarar og at





ic, Petter Rong, Ole Martin Solsvik, Eskil Sjøstrøm og Thor Egil Rød.

**Forsidebilde:** På Refuel frå venstre: Thor Egil Rød, Endre Dāvøy, Petter Rong og Andreas Evensen.

ungdommane er flinke til å respektera kvarandre. Dei kjenner andre som har vorte kristne og trur dei vert tatt godt i mot. «Det er eit såpass stort, kristent ungdomsmiljø at det bør vi i alle fall klare», meiner Ole Martin Solsvik. Thor Egil Rød er einig i kvar ansvaret ligg. «Vi som er kristne må for eksempel ta ansvar for å inkludere nye som vil vera med på Refuel.»

### Les Bibelen så mykje du orkar

Då samtalen dreier inn på kva som er viktig for ein ny kristen, har Arvid nokre råd: «Les i Bibelen så mykje du orkar, men ikkje så mykje at du vert lei. Gå til nattverd. Ver sjølvstendig, men ver saman med andre kristne om du har moglegheit.» Ungdomane har også nokre råd. «Ikkje start rett på dei

vanskeleg tinga», seier Eskil Sjøstrøm. «Bli med på Refuel og hør talar som fortel deg meir.» Ole Martin nikkar og legg til at det kristne fellesskapet er viktig. «Og ikkje minst bøn», skyt Petter inn.

## K2 - oppfølging etter konfirmanttida

Nytt hausten 2014 var at det vart starta opp eit opplegg for fjorårskonfirmantane. Opplegget har fått namnet K2 og målet er at ungdommane skal få utforske den kristne trua endå meir. Undervisninga, som er ein gong i månaden, går meir i djupna og ein freistar å gjere undervisninga endå meir livsnær. Dei som ønskjer det får også moglegheit for praksis som leirleiarar, eller som hjelpeleiar på lag. I tillegg kan dei få ein mentor om dei vil. Då er det anten Hogne, presten eller ei frå teamet som følgjer dei opp med ein samtale om lag annankvar månad. 24 av fjorårskonfirmantane er no meldt på. Dei aller fleste har også vald å ha praksis og mentor. Eit flott fellesskap og dei er ein engasjert gjeng.

# Forfølgning av kristne



## Forfølgning av kristne aukar i mange land, særleg i afrikanske land sør for Sahara.

Foto: kristne syrarar i ein flyktningeleir (KPK)

### Tilspissing i afrikanske land

Ein av hovudtrendane i 2014 har vore ei tilspissing i afrikanske land sør for Sahara, og fleire av desse landa har gjort eit byks på lista over land der kristne lever i størst fare.

I tillegg har det vore ei auka global forfølgning som hovudsakleg skuldast kulturell marginalisering, og ikkje først og fremst vald.

– Det som utmerkar seg aller mest er Kenya. I tillegg er Tanzania også eit land som har utmerka seg. Islamistisk ekstremisme går fram med trykk frå nordlege Afrika, og grupper av muslimar vert radikalisererte. Boko Haram opererer til dømes ikkje berre i nordlege Nigeria, men òg i Kamerun, fortel Åpne Dørers informasjonsleiar Stig Magne Heitmann til KPK.

### Heile verda

I berekninga av dei 50 landa der kristne opplever mest forfølgning i verda, får alle land ein poengsum fordelt på seks ulike faktorar.

Den lågaste poengsummen på årets liste er 48,5, mot fjorårets lågaste som var 44,7. Det er ein markant auke, seier Heitmann.

– Vi ønskjer å ha eit vake auge alle stader når det gjeld kristenforfølgning. Når media fokuserer på den arabiske delen av verda, så ønskjer vi å setje fokus også på andre land, seier han.

### Dei nye

Mexico er blant de nye landa på lista i år, som hovudsakleg skuldast at kristne blir

ein automatisk fiende til den organiserte korrupsjonen og narkotikahandelen i landet.

### Vert sett på som fiende

– Når kristne forkynder fred, antikorrupsjon, og antivald så blir dei ein fiende, seier Stig Magne Heitmann. I tillegg er det religiøse livet i lokalsamfunnet ofte synkretistisk. Og når dei evangeliske kristne ikkje vil ta del på synkretistiske festar og liknande, skaper det strid som kan bli sett på som fiendtleg.

### Kristne er fritt vilt

Eit anna gløymt land i denne samanheng er India. «Verdas største demokrati valte ein hinduistisk ekstremist som statsminister i mai 2014 – ein politiker som tidlegare har erklært kristne for fritt vilt. Det har ikkje teke lang tid for regjeringa å sende ut signal om at ikkje-hinduar bør halde hovudet lågt. Ei kyrkje i Delhi er allereie brent ned», står det i rapporten frå Åpne Dører.

Hinduistiske fundamentalistar har tidlegare gjort forsøk på å re-konvertere hinduar som har blitt kristne. (KPK)

### Åpne dører

*Broder Andreas vart i 1955 kalt av Gud til å «styrke den rest som er igjen, før den dør», Joh Åp 3,2. Han starta si einmanns misjonsverksemd, som sidan vert ein verdsomspennande organisasjon, Open Doors International. [www.opendoors.no](http://www.opendoors.no)*

## Offer i 2014

Det kom inn kr 244 940 i offer, i kyrkjene i Øygarden. Det er kr 16 000 meir enn i 2013.

Offer til kyrkjelydsarbeidet var på kr 69 521 noko som betyr at kr 175 419 har gått til misjon og bistand.

## Babysong i 2015

Det vert arrangert babysong i regi av kyrkja i Øygarden, utover i 2015. Babysongen er i Blomvåg kyrkje måndag 2.3, 16.3, 13.4, 27.4. frå kl. 11 til ca. kl. 13.

For spørsmål, ta kontakt med Kari på kyrkjekontoret, tlf. 56382240.

## Eldretreff i 2015

Det er eldretreff i Hjelme kyrkje 18.2, 18.3, 15.4, 20.5. frå kl. 16.45.

Det er eldretreff på Tednebakkan omsorgssenter 19.2, 19.3, 16.4, 21.5. frå kl. 16.30.

## Bibelkunnskap

Alle 5. klassingane har fått tilbod om bibel og omtrent alle tek i mot. Etter utdelinga vert klassane besøkt og det vert innføring i bibelen.



## Hjelme gamle kyrkje

Er omtala i kommunebudsjettet:

“Kommunen har som intensjon å sikra vedlikehaldet av Hjelme Gamle kyrkje. Kommunestyret ber Fellesrådet utarbeida ein vedlikehaldsplan med kostnad for naudsynt vedlikehald av kyrkja”.



# SparebankenVest

– satsar på Vestlandet



- Ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

**EUROSPAR**

Fisk - og ferskvarespesialisten	Fristende frukt og grønt
Innholdsrik betjent ostedisk	Nydelige nystekte bakervarer
Velsmakende varm mat	Herlig salat - og fruktbar

Måndag - fredag 8-22, Laurdag 9-20

**EUROSPAR Rong** tlf. 56 38 71 40

## Fag Revisjon as

### Revisjon & regnskap

Kontakt oss på tlf: 56 38 72 70,  
eller se mer informasjon på [www.fagrevisjon.no](http://www.fagrevisjon.no)

Fag Revisjon AS, Bølgekraftvegen 1, 5337 RONG, [firmapost@fagrevisjon.no](mailto:firmapost@fagrevisjon.no)

- Snitter
- Varmmat
- Baguettar
- Koldtbord
- Koldtallerken

**Rong Catering a/s**  
Tlf. 9185 6258

Vi formidler blomster til innland og utland



INTERFLORA

## Blomsterbua

Rong Senter  
Telefon: 56 38 92 65  
Postboks 107, 5331 Rong

## trend frisør

RONG SENTER

Eigne priser for pensjonistar  
Langope torsdag

TIMEBESTILLING 56 38 73 90

-din el-kontakt

## VESTGAR ELEKTRO

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit

T: 400 30 210

E-post: [post@vestgarelektro.no](mailto:post@vestgarelektro.no)

[www.vestgarelektro.no](http://www.vestgarelektro.no)



## Torsvik ELEKTRO

Installasjon industri, bolig  
Data- og telenett  
Alarmanlegg  
Antenne/parabolanlegg  
Elektroverksted  
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00  
Vakttelefon: 922 34 062

[www.torstevik.no](http://www.torstevik.no)

## Sotra Omegn

BEGRAVELSESBYRÅ

- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravningsbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet

Skjenet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiavtale
- Gass



## BLOM SERVICESENTER AS

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80

Godkjent bilverksted

## Stoffbua

Postboks 24, 5445 Bremnes  
Tlf: 53 42 04 62

Vi har det meste til de fleste hobbyer!

Bunad - Scrapbooking - Kunstmalning  
Quilting - Strikking - Hobby til barn

Treff oss på: [www.stoffbuabremnes.no](http://www.stoffbuabremnes.no)

Kjøp  
kjapt,  
trygt  
og billig  
**KIWI** mini  
pris

Søre Sæle

Tlf. 56 38 71 20  
Mand – fred kl.07.00 – 23:00  
Lørdagar 08:00 – 21:00

Det er vi  
som bygger Øygarden

 ØYGARDEN  
BYGGSENER

 TH  
BHAS BYGG

 ØYGARDEN  
BOLIGUTVIKLING

Tlf. 56 38 28 00 - Fax 56 38 28 09  
Adr. Pålset, 5337 Rong  
[www.th-bygg.no](http://www.th-bygg.no)



Åsane Begravelsesbyrå AS  
v/Johannes Blom  
Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES  
Døgnvakt tlf.: 5518 9000

Vest Modul AS  
5336 Tjeldstø

- Tilbygg
  - Nybygg
  - Rehabilitering
  - Montering og utleige av brakker
- Normann 958 19 905  
Ingvard 958 10 967



Trelastlager Tjeldstø



Solstrand's Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen  
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet  
E-post: [post@solstrand.no](mailto:post@solstrand.no)

Vår erfaring - din trygghet

ÅGOTNES TANNHELSETEAM

Tannlegene  
Benedikte Kolbeinshavn og  
Sissel Blom

Vi tar imot gamle og nye pasienter!

Telefon: 96 90 44 00

Ågotnes Tannhelseteam

Ågotnes Helsehus  
Skjærgardsvegen 1374  
5363 ÅGOTNES

Telefon: 96 90 44 00  
[www.tannhelseteam.as](http://www.tannhelseteam.as)  
[post@tannhelseteam.as](mailto:post@tannhelseteam.as)

Nyhende frå kyrkja i Øygarden finn du på vår heime-  
side: [www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)

 Ønsker du  
sol hjem?

Vi kan tilby 12 rørs solhimler  
eller solseng med høy kvalitet.  
Du ringer - vi bringer!  
Vi forhandler også solariumskrem og -briller

**B-P-S Solutleige**  
v/Arvid Rong 5337 Rong  
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22

Mobil: 918 56 258

 Øygarden  
elektriske as

Tlf: 56 38 24 40  
Fax: 56 38 24 41  
Mobil: 928 41 790  
E-mail: [post@oygarden-elektriske.no](mailto:post@oygarden-elektriske.no)



## Til lukke

### 70 år

- 14.mars Leif Larsson, Veslevarden 39  
28.mars Jon Kåre Heggholmen, Åkletten 27  
1. april Johanne Sofie Neshavn Samuelsen, Arsettunet 24  
4.april Rolf Vik, Helgebrekka 14  
5. april Magnus Reidar Hjelme, Hjelmevegen 154  
6.april Arve Antonsen, Rossnesvegen 14  
9. april Astrid Andrea Torsvik, Holevegen 4

### 75 år

16. mars Randy Kristina Hansen, Svarteviksvegen 124  
24. mars Anlaug Else Torsvik, Brekka 16

### 80 år

31. mars Otto Karl Rossnes, Skrubbenakken 11  
10. april Ingvard Iversen Djupevåg, Straumsneset 15

### 85 år

3. mars Mons Torsvik, Vågevegen 8  
3. april Gerhard Rikard Andersen, Flotevegen 77  
10. april Olida B. Strømsnes, Svintræ 1

### 90 år

16. mars Ole Andreas Dāvøy, Dāvøyvegen 47

## Vigde

### Blomvåg kyrkje

Veronica Helen Dāvøy Oppedal og Jarle Oppedal

## Gudstenester

### 1. mars Hjelme kyrkje kl. 11.00

Høgmesse v/ Helge Unneland. Nattverd. Søndagsskule.

### 8. mars Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Høgmesse v/ Espen Tveten. Nattverd.

### 15. mars Hjelme kyrkje kl. 11.00

Sprell levande gudsteneste v/ Espen Tveten. Song av Barnekantoriet.

### 22. mars Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Høgmesse v/ Espen Tveten. Nattverd.

### Palmesøndag 29. mars i Hjelme kyrkje

kl. 11.00 Høgmesse v/ Espen Tveten. Nattverd.

### Skjærtorsdag 2. april Blomvåg kyrkje

kl. 19.00 Høgmesse v/ Godtfred Haugland. Nattverd

### 3. april Hjelme kyrkje kl. 11.00

Langfredagsgudsteneste v/ Godtfred Haugland

## Døde

### Blomvåg

- Inger Johanne Slokvik Hansen, Knappestigen f. 1947

### Hjelme

- Martin Hellesund, Nygardsvegen, f. 1929
- Otto Harkestad, Stekkevegen, f. 1953
- Bertha Solbakk, Straumeveien f. 1924
- Alida Fjeldstad, Øynesvegen f. 1924
- Aslaug Olufina Magnesen, Hattevegen, f. 1917
- Kirsten Tobiassen, N.Sæle f. 1941

### Påskedag 5. april Blomvåg kyrkje

kl. 11.00 Høgmesse v/ Godtfred Haugland. Song av Øygardskoret. Nattverd

### 2. påskedag 6. april Hjelme kyrkje

kl. 11.00 Høgmesse v/ Godtfred Haugland. Song av Øygardskoret. Nattverd

### 12. april Hjelme kyrkje kl. 11.00

Høgmesse v/ Espen Tveten. Nattverd. Søndagsskule.

### 19. april Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Sprell levande gudsteneste v/ Espen Tveten. Søndagsskulens dag.

## Døpte

### Blomvåg

- Preben Rong Sæle, Dalekletten
- Cornelia Sulen, Rossnesvegen
- Storm Strandheim-Dahl, Tollbuvegen
- Felix Rong, Bergen
- Brage Langeteig, Hildalhaugen

### Hjelme

- Jonathan Grøm- Staarvik, Bergen
- Ole Jacob Kvalvik, Stormyrvegen

## Takk

Heimetenesta i Øygarden kommune takkar alle som har sendt oss blommar og helsingar i jula.

Marianne Våge Berland  
Fagleiar i Heimetenesta

Takk frå Øygarden sokneråd til mannsgruppa på Vik v/Anders Vik for ei gåve på kr 10 000 til teamet.

### PREP -kurs

i Fjell kyrkje, kyrkjelydssalen, 2. mars, 9. mars og 16. mars, kl. 17.30-22.00. Varm mat frå kl. 17.30. Pris kr 1500 pr par inklusive mat. Påmelding til tlf. 92295377 diakon Torbjørn Fjøren, eller e-post: torbjorn.fjoren@fjell.kommune.no innan utg. av febr



Arr: Den norske kyrkje i Fjell, Sund og Øygarden

PREP er eit kommunikasjonskurs for par som ønskjer å investere i samlivet. PREP er eit pedagogisk opplegg med korte foredrag og oppgåver for para enkeltvis.

Ny bok av Arne Asphaug

### Utskorne tretavler

Boka handlar om livet. Dikt og bilete.

Boka kan bestillast hos forfattaren via e-post til: arnejoa@online.no eller ring inn bestilling til automatisk telefonsvarar 56 33 77 29.

## Bergen & Omegn

### BEGRAVELSEHJELP POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden



Espen Polden



Elin Mikkelsen Bernitsen



Heine Polden



Tom Wilson

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
www.bergenogomegn.no

### AVD. BERGEN

Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

### AVD. SOTRA

2.etg på Shellstasjonen  
5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50





## DEN NORSKE KYRKJA

Øygarden sokneråd  
Øygarden kyrkjelege fellesråd

**ØYNYTT-** Kommunikasjonsorgan for Den norske kyrkja i Øygarden.

### Ansvarleg redaktør:

Olav Martin Vik

### Redigering og lay-out i InDesign

Olav Martin Vik

### I redaksjonen:

Hogne Berland; Olav Martin Vik, Kari Sandøy Rong, Espen Tveten og Anders Vik.

### Kontingent:

Min. kr 125 innan kommunen  
Min. kr 175 utanom kommunen

### Takkeannonser:

Kr 100

### Kontonummer:

3628 07 02557

### Trykk:

Bodoni, 5017 Bergen

### Distribusjon:

Sanden budservice, tlf. 45613416



## Kyrjekontoret i Øygarden

Ekspedisjonstid: måndag-fredag kl. 09-15

Besøksadresse: Rong senter, 2. etasje

Postadresse: Boks 144, 5331 Rong

### Telefon 56382240

Telefaks: 56382241

Vakttelefon prest: 56382244 (dagtid)

E-post: kontor@kyrkja.net

Nettside: www.kyrkja.no/oygarden

Facebook: KyrkjalOygarden

### Medarbeidarar

Kyrkjevevje/dagleg leiar Olav Martin Vik

e-post: kyrkjevevje@kyrkja.net

Tlf. 56382243/93264400

Sokneprest Espen Tveten

Tlf. 56382244

E-post: sokneprest@kyrkja.net

Kontorleiar Kari Sandøy Rong

E-post: kontor@kyrkja.net

Tlf. 56382240

Kyrkjelydspedagog Hogne Berland

pedagog@kyrkja.net

Tlf. 56382247

Kantor Anne Lise Grøm

E-post: kantor@kyrkja.net

Tlf. 91881208

Diakonimedarbeidar Bjørg Blom

E-post: diakon@kyrkja.net

Tlf. 47816181

Kyrkjetenar Kåre Kristoffersen

Blomvåg kyrkje, tlf. 91105197

Kyrkjetenar Janesh Amena

Hjelme kyrkje, tlf. 95823472

Team, tlf. 56382240 (kontoret)

**Leiar i kyrkjelege råd:** Erling Vik, tlf. 48210462

### Beredskapstelefon i Vesthordland prosti

Kvardagar frå kl. 17 til kl. 8 neste morgon og heile lørdag og søndag, tlf. 95483655. Gjeld berre for tenester som ikkje kan venta og dødsbod. Legg att beskjed om du kjem til telefonsvarar.

Returadresse:  
ØyNytt  
Postboks 144  
5331 Rong

B



ØyNytt

DISTRIBUERAST AV POSTEN NORGE  
i P.P. PORTO BETALT



Programleiarane Camilla Tjønn Thingvoll og Odd Rune Wolden etter prisutdelinga.

Foto: Petter Ingholm Gustavsen/NRK

## Pris til "Salmeboka minutt for minutt"

Vi er veldig stolte, og vi synest det er modig av NRK å satse på noko slikt. Vi hadde ikkje trudd det skulle treffe folk så godt som det gjorde. 17 000 menneske var innom Vår Frue kyrkje, sa programleiar Camilla Tjønn Thingvoll i takketalen sin, i følge nrk.no.

"Salmeboka minutt for minutt" vart heidra med pris for beste TV-program under Ut-Awards i Trondheim tysdag 27. februar. Det er Adresseavisen som står bak utdelinga.

Salmebokmaraton-sendinga var eit samarbeid mellom NRK, Kyrkjerådet, Korforbundet i Trøndelag, Kirkens Bymisjon og Kirkesangforbundet.

Kor og solistar frå heile landet deltok i fram-

føringa av dei 899 salmane, som resulterte i 60 timar med direktesendt TV.

### Millionsuksess

Heile 2,2 millionar sjåarar fekk med seg deler av sendinga. I tillegg var emneordet #nrksalme det mest brukte på Twitter helga 28. november til 30. november.

- Når nesten halve Norge har sett på salmesong-sendinga, fortel det noko om kor langt salmane når ut til folket, sa Vidar Kristensen, prosjektleiar for den nye salmeboka i Kyrkjerådet, då sjåartala var klare.

Salmeboksendinga fekk også åtgang i utlandet. Media frå Tyskland, USA, England og Sør-Korea omtalte NRK-sendinga. DnK/NRK

I neste nummer av ØyNytt kan du lesa om Skjergardsheimen leirstad i Øygarden som har nesten 10 000 overnattingsdøgn i året og 48 medarbeidarar. Det er 40 år sidan oppstarten.

### Program INRI - våren 2015

- søndagar kl. 16.30 på Rong bedehus

22.02. Olav Vindenes

08.03. Gunnar Ferstad

22.03. Olav Vindenes

06.04. Gunnstein Nes

12.04. Ivar Fjeld

26.04. Johnn Hardang

10.05.

25.05. Olav Vindenes

07.06. Erik Furnes

For andre samlingar sjå:

<https://inrirong.wordpress.com/>

### Program Vik bedehus - våren 2015

- storsamlingar søndag kl. 11.00

01.03. Tor Øyvind Sandakar. DISM

15.03. Ole Andreas Wastvedt. Fam. saml.

29.03. Kjellaug Aase Fyllingsnes. NMS

12.04. Svein Inge Myhr. Normisjon

26.04. Ingrid Petersen. Laget

10.05. Anker G. Turøy. NLM

24.05. Ole Corneliussen. NHI

07.06. Nils Arne Lavik. Søndagssk. Fam.s.

**Påskefrukost Skjærtorsdag 2.4. kl. 10.00**

For andre samlingar sjå:

<http://vikbedehus.no/>

Neste nummer av ØyNytt kjem ut 15.4. Annonsefrist er 7.4.2015



kyrkjaiogarden